



Jølster Kommune

6843 SKEI I JØLSTER

Trondheim, 10.04.2018

Dykkar ref.:
18010187 Solfrid Trå

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2018/1996

Sakshandsamar:
Bjørkum, Ida

Utbetaling av tilskot - INTERKOMMUNAL PLAN FOR KLIMAOMSTILLING I SUNNFJORD

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot av 09.02.2018 med referansenummer 18S8291E. Det er søkt om eit tilskot på kr 125 000. Miljødirektoratet har behandla søknaden og vil utbetale eit tilskot til tiltaket. Tiltaket som blir gitt tilskot er "INTERKOMMUNAL PLAN FOR KLIMAOMSTILLING I SUNNFJORD".

Beskriving av tiltaket:

"Ferdigstillelse av interkommunal plan for klimaomstilling for kommunane Naustdal, Gaular, Jølster og Førde. Planen skal vedtakast av kommunestyra/bystyret januar 2019. Flora kommune har eige kapittel om klima og miljø i samfunnsdelen i sin kommuneplan 2016 - 2020 (2028), men deltek likevel i planarbeidet og nettverket.

Oppdatert kunnskapsgrunnlag (rapportar) gjennom deltaking i prosjektet "Samhandling for grønt skifte".

Kompetanseheving og erfaringsutveksling mellom dei 5 kommunane i nettverket.

..

KLIMASATSSTØTTE TIL NETTVERK

Kommunane kan søke tilskot til interkommunale nettverk for kompetanseheving, erfaringsdeling og samarbeid om konkrete tiltak for klimagassreduksjon og omlegging til lågutsleppssamfunnet.

Det gjeld særskilde krav til nettverk. Nettverket må

- ha eit mål og minimum ein enkel aktivitetsplan
- ha eit sekretariat som har ansvar for framdrift og kontinuitet
- vere styrt av brukarane på en slik måte at deltakaranes behov blir fanga opp
- omfatte minst fire (fylkes)kommunar
- samarbeide med fylkesmann og fylkeskommune

Nettverket kan få kr 25 000,- i tilskot per kommune som deltek. Tilskotet vert utbetalt til nettverkssekretariatet.

MILJØDIREKTORATETS VURDERING

Miljødirektoratet meiner at Interkommunal plan for klimaomstilling i Sunnfjord dekker alle krav til nettverk. Nettverkstilskotet er rekna ut frå at kommunane Førde, Naustdal, Gaular, Jølster og Flora deltek i nettverket. Nettverket har 5 deltakare og får kr 25 000 per deltakar, til saman kr 125 000 for arbeidet i 2018. Tilskotet vert betalt ut til Klepp kommune i rolla som sekretariat for nettverket.

Denne avgjerda er ikkje eit enkeltvedtak og det er difor ikkje klagerett, jamfør forvaltningslova § 2 første ledd bokstav a og b, jamfør fjerde ledd.

Interkommunal plan for klimaomstilling i Sunnfjord fekk støtte til nettverksarbeid for 2017. Miljødirektoratet har fått sluttrapport for 2017 og vurderer at nettverket har rapportert tilfredsstillande om aktivitetane i 2017 og nytten av tilskotet.

Rapportering skjer i elektronisk søknadssenter. Logg på med same brukar som sendte søknaden.

Lykke til med vidare arbeid!

Tilskotet vil bli utbetalt til dykkar konto 3703 07 00024 med betalingsreferanse 2018/1996-03042018 som vist her:

Dato	Beløp	Beskrivelse
03.04.2018	125 000	Tilskot nettverk 2018

Følgjande krav til rapportering og rapporteringsfristar gjeld for tilskotet:

Skal leverast	Beskriving	Frist
Sluttrapport	Rapport om aktiviteter og vurdering av nytta av tilskotet	25.01.2019

Dersom føresetnadene for å gjennomføre tiltaket blir endra vesentleg eller fell bort (teknisk/fagleg, økonomisk eller framdriftsmessig), skal Miljødirektoratet ha beskjed med det same.

Vi gjer merksam på at Miljødirektoratet og/eller Riksrevisjonen med heimel i løyvingreglementet kan kontrollere om tilskotet er nytta i samsvar med føresetnadene.

Vi gjer vidare merksam på at Miljødirektoratet heilt eller delvis kan krevje utbetalt tilskot tilbakebetalt dersom midlane ikkje blir brukte i samsvar med føresetnadene, eller føresetnadene for tilskotet fell bort.

Rekneskapsbilag knytte til gjennomføringa av tiltaket skal oppbevarast i minst ti år, eller i samsvar med rekneskapslova dersom verksemda di er underlagd denne.

Helsing
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

Herdis Laupsa
seksjonsleder

Ida Bjørkum
seniorrådgjevar

Tenk miljø - velg digital postkasse frå e-Boks eller Digipost på www.norge.no.

Kopi:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

. . .

Alle deltakande kommuner

. . .